



Klepp kommune

ÅRSPLAN TU SFO 2025-26



Velkommen til skulefritidsordninga (SFO) på Tu skule

Me vil ønska velkommen til oss på Tu SFO og ser fram til eit godt samarbeid med både barn og vaksne.

Kjenneteikn på TU SFO:

Me prioriterer leik og sjølvvalde aktivitetar høgt. Når elevane er ferdig på skulen, skal dei oppleve at dei har fri og kan leika og ha det kjekt hos oss.

Når barnet ditt svarar : «i dag har eg bare leika» Da har barnet ditt: Opplevd samhold, vert ein del av eit fellesskap, opplevd vennskap, vist omsorg, tatt ansvar, brukt fantasien, bygga sjølvtilitt, opplevd livsglede og humor, vært kreativ, kjend på meistringskjensle, opplevd empati, opplevd motgang, lytta til andre, øvd på å gi og ta, brukt fantasien.

Det er difor viktig at barna har med seg klede som er tilpassa leik ute i allslags ver.

Opningstider

SFO er open til kl. 16.30. Morgontilbodet vil vera frå kl. 07.00 - 08.05 kvar dag. Dei som skal ete må ha med eiga matpakke og kome innan kl.07.30.

Opningstida på ferie/fridagar vil vera kl. 07.00 – 16.30.

Planleggingsdagar

Fredag 1. august, onsdag 13. august, fredag 14. november, 2. Januar og 17 april.

Foreldrebetaling

Opphaldet i SFO skal betalast i 11 terminar med forfall den 15. kvar månad.

Søknad om plass i SFO

Ein kan søke om plass i SFO heile skuleåret. Følg lenka til Visma Flyt Skule:

<https://skole.visma.com/klepp/Account/Login?returnUrl=%2Fklepp>

Klikk på «Logg inn med ID-porten». Bruk MinId til å melde ditt barn på SFO eller gjere endring i opphaldet.

Oppseiing av plassen i SFO

NB! Oppseiing av plass må gjerast i Visma Flyt Skule. Oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar månad. 1.mai er fristen for å gje melding om at ein ikkje skal ha SFO-plass neste skuleår. Ved oppseiing av plassen etter 1.mai må det betalast ut august månad.. Når ein har søkt om plass har ein denne til ein går ut av 4. trinn eller seier opp plassen.

Ferie og skulefrie dagar.

Dei som har 3 tilbod tre dagar kan berre bruke 3 dagar i feriane, og det er dei same dagane som elles i året.

Me har ope i alle skuleferiar, men heile juli har me stengt. Onsdag i påskeveka har me stengt.

På skulefrie dagar når SFO har ope, kan det henda at me tek ut på tur og då vil de ikkje finna oss på skulen. Difor er det viktig at alle barna har møtt fram seinast kl. 09.30. Andre tidspunkt for frammøte kan sjølvstøtt avtalast med ansvarleg leiar. Det er stengt julafta og nyttårsafta.

Ekstratøy/skift

Ein lang dag med dårleg ver kan røyna hardt på barna sine klede. Det er difor fint om dei kan ha eit ekstra sett liggjande hos oss.

Ver grei og merk kleda godt!

Måltid

Barna får mat og drikke kvar dag på SFO. Me serverer frukt og grønsaker til kvart måltid.

Kontroll med frammøte.

Personalet fører kontroll med frammøte kvar dag. Dei sjekkar inn alle som kjem og skal vera på SFO. Difor er det viktig å gje melding i **Visma appen** viss barna har fri, er sjuke eller har ferie. Dette lettast arbeidet vårt og me slepp å vera bekymra for, eller springa og leita etter barn som ikkje er sjekka inn.

Henting av barn

Dersom barna vert henta av andre enn det som er avtalt, må personalet få melding om dette skriftleg i **Visma appen** innan kl. 12.00. . **Me ønskjer at alle barn har faste heimsendingstider.**

Til dømes kl. 15.00, 15.30 o.l

RAMMEPLAN FOR SFO

«Denne rammeplanen gjelder for arbeidet i skolefritidsordningen (SFO). SFO skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktiviteter med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn. Dette følger av opplæringsloven § 13-7.

Rammeplanen har status som forskrift med hjemmel i opplæringsloven § 13-7, og gjelder for skolefritidsordninger som er omfattet av denne bestemmelsen. Kommunen eller den kommunen bruker til å oppfylle sin plikt etter opplæringsloven § 13-7, har ansvaret for at SFO drives i samsvar med gjeldende regelverk.

Rammeplanen gir rom for lokale variasjoner, satsinger og planer. For å sikre et helhetlig perspektiv på barnas oppvekst og utvikling bør SFO og skole samarbeide tett. Når SFO er knyttet til skoler, skal rektor til vanlig være virksomhetens leder, jf. opplæringsloven § 13-7. Rektor kan delegere oppgaver til en som får ansvar for den daglige driften av SFO» ref. Rammeplanen

Rammeplanen for SFO består av seks kapitler:

- 1: Om rammeplanen for SFO
- 2: Verdigrunnlaget til SFO
- 3: Innholdet i SFO
- 4: Ein inkluderande SFO
- 5: Samarbeid i SFO
- 6: Kvalitetsutvikling

Tema i rammeplanen	Kva seier rammeplanen (Utdrag, sjå udir.no for fullstendig innhald)	Korleis arbeider me på TU SFO med dette:
2.2 Eigenverdi	<i>Barndommen har sin eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det gis rik mulighet for meningsfull fritid og lek. SFO skal bidra til trivsel og glede i selvvalgt lek og tilrettelagte aktiviteter, og gi rom for rekreasjon og hvile. Barnets beste skal alltid være et grunnleggende hensyn.</i>	På Tu SFO setter me opp aktivitar barna kan velje mellom, barna får sjølv bestemma kva aktivitar dei skal være med på. Aktivitar som tur, kan ikkje veljas vekk utan fysiske grunnar for dette. God kommunikasjon med barna vil være avgjørande for at dei føler seg sett og høyrte.
2.3 Tryggleik, omsorg og trivsel	<i>SFO skal ivareta og møte barnas behov for omsorg,</i>	Tu skule er ein PALS skule, dette arbeidet gjer me også

	<i>trygghet, trivsel, tilhørighet og anerkjennelse. Omsorg er en forutsetning for barns trygghet og trivsel og for utvikling av empati. I SFO skal det enkelte barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og gis muligheter for å gi omsorg. SFO skal fremme barnas fysiske og psykiske helse og bidra til at de opplever glede og mestring.</i>	på sfo. Det vil sei at me arbeider med å forebygge og redusere problematferd i SFO. Alle vaksne som arbeider i sfo er involvert i å bygge et trygt og godt SFO miljø. Hovedfokus er Ansvar, Respekt og Omsorg. Me vaksne er på utkikk etter dei gode eksempla, me gir ros, oppmuntring og belønning. Ved å være tett på barna og ha same barnegrupper over tid, lærer dei ansatte barna å kjenne og barna føler seg trygge på den vaksne. Fysisk fostring er viktig for barn; både fysisk og psykisk. Barna opplever mestring, samhold, tilhørighet og vennskap. Gjennom ei veke på SFO legg vi til rette for mykje utetid og gymsal aktiviteter. Slik vil vi tilrettelegge for at barn får utfolde seg fysisk, dette vil også påvirke den psykiske helsa til barnet.
2.4 Mangfold og inkludering	<i>Respekt for ulikhet og anerkjennelse av mangfold skal legges til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne barnas ulike forutsetninger, perspektiver og erfaringer kan SFO bidra til at barna får utvikle et positivt forhold til seg selv og til egen og andres kultur og erfaringsbakgrunn. SFO skal legge til rette for at samiske barn kan bevare og utvikle sitt språk og sin kultur.</i>	Gjennom samtalar med barna legg vi til rette for ulikhetar og mangfold. Barn med utfordringar blir anerkjent for den dei er og det dei treng. Andre barn på gruppa blir veileda om dei har spørsmål dei lurar på. Alle barn er ulike på kvar sin måte og vi lærer alle barn at vi skal respektere og anerkjenne alle. I februar vil vi feire samefolkets dag.

2.5 Skaperglede,engasjement og utforskertrang	<i>Ved å ta utgangspunkt i barnas skaperglede, engasjement og utforskertrang skal SFO gi en god ramme for helhetlig utvikling og læring. Læring i SFO foregår først og fremst gjennom lek, selvvalgte aktiviteter og samhandling med andre barn og med SFOs personale. SFO skal anerkjenne at å leke er en typisk væremåte blant barn, og at leken har en egenverdi. SFO skal prioritere tid og rom for lek.</i>	På Tu SFO har vi varierte aktiviteter gjennom veka. Nokon er sjølvvalgt, men aktiviteter som til dømes turdag er aktivitet som vi ønsker alle skal være med på. Vi sett barns medvirkning høgt i alle typar lek. Vi sett av mykje tid til både inne lek og utelek der faste vaksne er tilstede og støttar barna i det dei treng.
2.6 Demokrati og fellesskap	<i>SFO skal fremme demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og bygge sin virksomhet på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av et likestilt samfunn der alle har mulighet til å bli sett og hørt.</i>	Vi jobbar med dette kontinuerlig med samtalar saman med barna og «her og no» situasjonar. Alle barn skal føle at vi vaksne hører på kva dei vil seie, samtidig må barna lære seg at det ikkje er alltid dei får det slik dei ønsker. I val i ei gruppe får fleirtallet bestemme – demokratiet.
2.7 Bærekraftig utvikling	<i>Bærekraftig utvikling omfatter sammenhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdier, holdninger og handlinger som fremmer en bærekraftig utvikling.</i>	Vi legg alltid vekt på at vi skal rydde opp etter oss når vi er ute og på tur. Inne kildesorterer vi matavfall, restavfall og papir. Ein gong i året på våren, går vi tur å rydder opp i veikanten og på skulen sitt uteområde.
3.2 Leik	<i>Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til lek kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.</i>	Vi legg opp til variert lek gjennom året. Dei vaksne er tett på for å fange opp det som skjer. <u>Den frie leiken er sentral på SFO, da dette er eit fritidstilbud.</u> Barna skal trivast på SFO og dei skal halde på med lystbetonte aktiviteter saman med andre barn. Leik fremjar barnets utvikling og forskning viser at barn lærer betre om dei har tilgang til leiker.

3.3 Kultur	<i>Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gi støtte til at barna får skape sine egne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykkje seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa blir representert. SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur.</i>	Vi legg også opp til formingsaktivitetar gjennom veka som barna kan velje å være ein del av. Barna blir kjent med ulike materialar, får lære ulike teknikkar og ferdigheter. Det er viktig at barn får uttrykke seg gjennom skapande aktivitetar. Formingsoppgåver til dei ulike høgtidene. Me opnar verkstaden der me setter frem ulike formings ting slik at dei sjølv kan velga kva dei skal laga til jul, påske, vår og sommar. Brukar aula til dans og drama.
3.4 Fysisk aktivitet og bevegelsesglede	<i>SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal leggje til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør leggje til rette for aktivitetsformer som kan bidra til rørsleglede, og som oppstår i leik saman med andre barn.</i>	På Tu SFO sett me bevegelsesleik høgt og brukar derfor mykje tid ute på skuleplassen der vi legg til rette for ulike typar bevegelsesleik, vi brukar Kåsenhallen og nærmiljøet. For å fremme aktivitetslyst legg vi vekt på at barna får være med på å bestemme. Eit anna eksempel er at dei får velje kva aktivitet vi skal ha i Kåsenhallen.
3.5 Mat og måltidglede	<i>SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar.</i>	Vi serverar varme måltid, brødmåltid og frukt på SFO. Vi legg vekt på sunne alternativ. I sfo har me grupper som er med på eit opplegg som heiter Matjungelen. Barna kan hjelpe til i matlaging viss dei vil.
4. Ei inkluderande skolefritidsordning	<i>SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial</i>	På Tu SFO har vi stor takhøgde for at vi alle er ulike og dette er noko vi snakkar med barna om heile tida. Vi legg til rette for at alle skal føle seg anerkjent

	<i>tilhøyrslø og sosialt fellesskap med andre barn og med personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper, og i leik og tilrettelagde aktivitetar.</i>	og respektert, både blant barn og personale. Gjennom ei veka på SFO har vi ulike aktivitetar og ulike grupper, barna vil da oppleve å kunne danne vennskap på tvers av aldersgruppe.
5.1 Overordna om samarbeidet	<i>Omsynet til barnas beste skal liggje til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar. SFO skal leggje til rette for god dialog og samarbeid med foreldra. SFO skal gi foreldra informasjon om tilbodet, avklare gjensidige forventningar og leggje til rette for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten.</i>	Tu SFO prøvar så langt det lar seg gjere å møte foreldre og barn kvar morgon, også ved henting. Da gir vi beskjedar om noko har skjedd og foreldre kan gi beskjed om det er noko dei ønsker å snakke om. Vi har tett samarbeid med kontaktlærar og helsesøster på skulen om det skulle være noko. Vi er også delaktige i forskjellige samarbeidsmøte.
5.2 Overgang frå barnehage til skole og SFO	<i>SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skole og SFO saman med skolen og barnehagen, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a. Det er skoleeigar som har hovudansvaret for samarbeidet.</i>	På Tu sfo har me kvart år i juni V.I.P kveld for nye 1. klassingar. Dei får kome å treffe dei som arbeider på SFO samtidig som dei får sett litt av innhaldet i SFO.
6.1 overordna om kvalitetsutvikling	<i>Eigar skal leggje til rette for at SFO har moglegheiter til å planleggje og evaluere verksemda, drive kompetanseheving og reflektere over innhald og arbeidsmåtar.</i>	SFO har møte kvar tysdag for å leggje planar for veka. Me legg vekt på fagleg innhald og kommunikasjon rundt drifta vår.
6.2 Planarbeid	<i>SFO skal planleggje innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg.</i>	Tu SFO leverar ut ny årsplan ved skulestart kvart år.

ÅRSHJUL 2025-26

August/september : Tilvenning. Bli kjent på SFO både ute og inne. Bli kjent med kverandre, skape gode relasjonar og tryggheit. Tur i nærmiljø.

Oktober : Vennskap. Tema - Haust . Tur i nærmiljø.

November : Tema- Haust. Tur i nærmiljø

Desember : Tema – Jul. Skaparglede og utforskertrang.

Januar : Vinteraktiviteter/ aking.

Februar :6.Samefolkets dag. Fargefest.

Mars :21/3- verdensdagen for downsyndrom. Vi lager rockesokker.

April: Påskeaktivitetar.

Mai : Fredag 29. mai Fotballtrø yefredag.(Barnekreftforeningens årlige fotballtrø yefredag).
17. Mai pynt.

Juni : Sommaravslutning.

Foreldremøte/samtalar.

Til vanleg held me eit foreldremøte om hausten.

Det er ikkje eige opplegg for foreldresamtalar, men me tek gjerne samtalar ved behov.

Hugs å sjekke heimesida til sfo for informasjon.

Me ser fram til eit rikt og spanande SFO-år saman.